


ÅRSMELDING  
FOR  
MILJØVERNDELINGA  
1984



MILJØVERNDELINGA  
Fylkeshusa  
6400 MOLDE



## FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

TELEFON NR. (072) 58 000  
ADRESSE FYLKESHUSA, 6400 MOLDE

April 1985

### F O R O R D

Miljøvernavdelinga ved fylkesmannsembetet i Møre og Romsdal legg med dette fram melding om verksemda i 1984.

Miljøvernavdelinga vart skipa 1. september 1982, og har soleis ved årsskiftet 1984/85 vore i arbeid i vel to år, og har no langt på veg funne sin plass i systemet.

Avdelinga er ein del av fylkesmannens administrasjon, og er fagleg og budsjettmessig underlagt Miljøverndepartementet. Fylkeskartkontoret er administrativt underlagt miljøvernavdelinga, men har eige budsjett og arbeider sjølvstendig med klårt definerte oppgåver.

Avdelingas faste arbeidsoppgåver kan summerast opp slik:

- Avlaup, renovasjon og spørsmål om ymse former for forurensing.
- Vern og forvaltning av naturområde.
- Sikring og opparbeiding av område for friluftsliv.
- Forvaltning av ferskvassfisk.
- Forvaltning av vilt.
- Omsyn til naturvern, friluftsliv, naturressursar, og forurensing ved inngrep i naturen.

Som det går fram av denne årsmeldinga var 1984 eit år med mange interessante oppgåver i tillegg til dei faste oppgåvene lista opp ovanfor. Nemnast kan arbeidet med Samla plan for vassdrag, utgreiing av miljøkonsekvensane ved leiteboring på Møre I, og ymse arbeid i samband med dei spesielle reguleringane av laksefisket i Møre og Romsdal.

Eit av årets høgdepunkt var innflyttinga i nye kontorlokaler i desember 1984. Dette vil i stor mon betre arbeidstilhøva for avdelinga.

Eit anna høgdepunkt som må nemnast er statsråd Rakel Surlien sitt besøk i fylket i juli 1984. Ved besøket vart det arrangert ei synfaring av mellom anna Rauma-Ulvåa og våtmarker i Eide og Fræna.

  
Alv Jakob Fostervoll

  
Odd Høgset

I N N H O L D S F O R T E G N E L S E

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
1. INNLEIING	1
2. VERN MOT FORURENSING	2
2.1 Overvaking av vatn	2
2.2 Kommunale kloakkanlegg	4
2.3 Kommunale renseanlegg	5
2.4 Kloakkutslepp frå spredt busetnad	6
2.5 Landbruksforurensing	6
2.6 Industri	7
2.7 Fiskeoppdrett	7
2.8 Samla Plan	8
3. AVFALL OG GJENVINNING	9
3.1 Kommunale avfallsanlegg	9
3.2 Gjenvinning av avfall	11
3.3 Biloppsamlingsplassar	11
3.4 Spesialavfall	12
4. STØY	13
5. AKUTT FORURENSING	13
6. KOMMUNALE AVGIFTER	13
7. FRILUFTSLIV OG NATURVERN	15
7.1 Naturvernarbeidet	15
7.2 Friluftsliv	19
7.3 Fylkesfriluftsnemnda	20
8. FISK	21
8.1 Ressurs og biotopkartlegging	22
8.2 Lakseparasitten Gyrodactylus salaris	23

<u>Seksjon</u>	<u>Side</u>
8.3 Særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure	24
9. VILT	26
9.1 Viltet og viltet sine leveområde	26
9.2 Hjorteviltforvaltninga	28
10. FORUNDERSØKINGAR AV KONSEKVENSAAR VED OLJEBORING PÅ MØRE I	29
11. ADMINISTRATIVE OPPLYSNINGAR	30
11.1 Personale	30
11.2 Rekneskap 1984	31
12. ARSMELDING FRÅ FYLKESKARTKONTORET FOR 1984	33
12.1 Organisasjon	33
12.2 Personell	33
12.3 Kartnemnd/Kartutval	33
12.4 Budsjett og rekneskap	34
12.5 Kjøp av utstyr	34
12.6 Kurs og informasjonsverksemd	34
12.7 Økonomisk kartverk	35
12.8 Digitalisering	35
12.9 Fastpunktgrunnlag	35
12.10 Temakart	35
12.11 GAB	36
12.12 Andre EDB-registre	36
12.13 EDB-tenester	36
12.14 Delingslova	36

## 1. INNLEIING

Som ei innleiing til årsrapporten kan det vere på sin plass med nokre tankar om kvifor miljøvernet er så viktig.

For omtrent 20 år sidan skreiv Rachel Carson boka "Den tause våren", som skildrar korleis forureining ville ta livet av planter, fuglar og dyr. Boka vart avvist som kjenslelada dommedagsprofetiar. Men i dag er store delar av skogane i Europa døde, og i vinter var værtilhøva i Ruhr-området slik at den forureina lufta ikkje steig tilvers og dreiv bort, men vart liggande nær bakken. Etter kort tid gjekk katastrofealarmen, og for ei tid gjekk det på livet laust. Dei 20 år gamle åtvaringane mot forureining er ikkje overdrevne.

Naturen er innretta slik at den fortynner og nøytraliserer etter beste evner dei giftstoffa vi etterlet oss. Det er difor lett å seie som Stutum sa om eksosen: "Det bare river litt i nesa, og vekk er'n". Problemet er at giftstoffa ikkje forsvinn. Men når skadeverknadene syner seg er det ofte for seint.

Sjølv om ikkje alle kan sjå det, så har dei beskjedne miljøverntiltaka vi prøver å sette ut i livet her i fylket å gjere med dei same problema som drep skogen i Tyskland. Vi må spørje kva verknaden vil bli om 20 år, eller om 50 år.

Spesielt vi i Møre og Romsdal har god grunn til å ha ei positiv haldning til både naturvern og miljøvern. Dei fleste av oss veit ikkje kor heldige vi er og kva verdiar vi forvaltar. Heller ikkje kva skade vi kan gje opphav til ved å skjøtte naturgrunnlaget på ein kortsiktig måte.

Det sterkaste argumentet for miljøvern er behovet for å oppretthalde naturgrunnlaget for framtida. Dette målet er alle samde i. Men miljøvern kostar pengar, og når desse skal løyvast, kjem ofte miljøvernet i bakleksa.

Ingen er vel usamde i at vi bør ha ei god helseteneste, gode skular, gode vegar, gode levekår for eldre, osb. Men slik bruk av pengar er i historisk perspektiv å bruke dei på oss sjølve, medan miljøvernet i hovudsak tener dei generasjonane som kjem etter oss. Dette omsynet må telje tungt når ressursane skal fordelast. Vi håper difor at miljøvernet i framtida vil vinne terreng i konkurransen med alle dei andre gode formåla.

## 2. VERN MOT FORURENSING

### 2.1 Overvaking av vatn

Forurensingssituasjonen i Møre og Romsdal er prega av at kysten og fjordane omslynger mesteparten av dei lågtliggjande område der det er menneskeleg aktivitet. Fjordane er vanlegvis så store, eller har så gode straum- og utskiftingsforhold at det ikkje er forurensingsmessige problem. Men enkelte fjordar har tersklar som reduserer utskiftinga så mykje at det oppstår stagnerande botnvatn.

Tabell 1. Oversikt over fjordar med reduserte oksygenverdiar i djupvatnet.

Fjord	Karakteristikk	Utført av	Ar
Kjødepollen	dårleg	Havforskningsinst.	1980
Syltefjorden	kritisk	Havforskningsinst.	1980
Syvdsfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1981/82
Austefjorden	kritisk	Fylkesmannen	1982
Kilspollen	kritisk	Fylkesmannen	1982
Ørstafjorden	kritisk	Volda ped høgskole	1977-81
Dragsundet m.v.	kritisk	Fylkesmannen	1981/82
Borgundfjorden	kritisk	NIVA	1976-77
			1980-82
Skodjevika	dårleg	Fylkesmannen	1981/82
Moldefjorden/		NIVA/	1971/72
Fannefjorden	kritisk	Molde kommune	1981/84
Malmefjorden	dårleg	Fylkesmannen	1981/82
Nekstadfjorden/			
Sundfjorden/			
Ekkilsøyvika	kritisk	Fylkesmannen	1983/84
Karihavet	kritisk	Fylkesmannen	1982
Skålvikfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1981/82
Valsøyfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1981-84
Foldfjorden	kritisk	Fylkesmannen	1984
Mjosundet	kritisk	Fylkesmannen	1984

Karakteristikken er basert på inndelinga frå NIVA etter oksygeninnhald: 0-3 mg O/l = kritisk, 3-5 mg O/l = dårleg. (O/l = Oksygen pr liter).

Våren 1980 blei ein del personar ved Romsdalsfjorden og Langfjorden forgifta etter å ha ete blåskjel. Granskingar av blåskjel synte at det var høgt innhald av mytilloksin. Det blei deretter átvara mot å ete blåskjel. Sidan har næringsmiddelkontrollen gjennomført systematiske innsamlingar av blåskjel i mange fjordar. Det er blitt påvist giftige blåskjel i fleire fjordar om våren og tidleg om sommaren. Arsaken til at blåskjela blir giftige er masseoppblomstring av ein bestemt alge (dinoflagelat). Tidlegare har ein rekna med at masseoppblomstring av denne alga har vore knytt til spesielt forurensa vatn. Arsaken til forholda er ikkje klarlagt.

Tabell 2. Registrert giftige blåskjel.

Fjord	1980	1981	1982	1983	1984
Langfjorden	M	L	L	L	L
Romsdalsfjorden	M	L	L	L	L
Fannefjorden	M	L	L	L	L
Moldefjorden	M	L	L	L	L
Borgundfjorden		L		M	
Dragsundet		L	M	M	
Skodjevika (Storstraumen)		L	M	M	
Storfjorden (Flisneset)		L		M	
Brattvågen		L		M	

Forklaring: M = Mykje L = Lite

Vassdraga i fylket er vanlegvis små. Av dei store vassdraga er spesielt Surna påverka av forurensing. Mange små elvar og bekkar i område med konsentrert landbruksverksemd er forurensa i meir eller mindre grad.

Møre og Romsdal er frå og med 1984 utsett som eit av fire prøvefylke for overvaking av vassdrag og fjordar. I samband med dette har fylkesmannen utarbeidd eitt program for overvaking i Møre og Romsdal for tidsrommet 1984-88. Programmet dekkjer meir omfattande granskingar (tiltaksorientert overvaking), enkel overvaking og granskingar av meir generell karakter.

I 1984 er det gjennomført (førebeles) avsluttande arbeid med overvaking i Borgundfjorden og Surnavassdraget.

Etter 3 1/2 års granskingar i Borgundfjorden ser det ut som forurensingssituasjonen i området er stabil. I overflatelaget i fjorden er det såleis observert ein del lokale ulemper, medan det i djuplaga (spesielt i Aspevågen, Mauseidvågen og dels i Asefjorden) er periodisk kritiske oksygenforhold.

I Surnavassdraget er situasjonen nedanfor Rindal sentrum vesentleg betre enn i 1976/77. Dette har sammenheng med at det er tatt i bruk eit biologisk/kjemisk renseanlegg for Rindal sentrum og Rindal meieri. Vassdraget er fortsatt prega av stor forurensing frå landbruket.

I Molde/Fannefjorden og i området Leinøy-Gurskøy-Hareidlandet er det i 1984 gjennomført omfattande granskingar. Desse granskingane vil bli avslutta i 1985.

Fylkesmannen har i 1984 også gjennomført enkel overvaking av mange mindre fjordar med tersklar der ein ut frå vurdering av djupneforhold vil kunne risikere stagnerande botnvatn og kritiske oksygenforhold.

Arbeidsinnsatsen i 1984 er rekna til 4 månadsverk.

## 2.2 Kommunale kloakkanlegg

Alle byar og større tettstader i Møre og Romsdal ligg i tilknytning til sjø, unntatt Rindal. Dette inneber at det dei fleste stader berre er behov for enkel rensing av kloakken og djupvassutslepp. For utslepp til vassdrag er det nødvendig med høggradig rensing. I enkelte utsette fjordområde vil det og vere aktuelt med høggradig rensing. Enkel rensing vil vere (felles) slamavskillar for små utslepp, silanlegg for større utslepp.

Utbygging av kommunale kloakkar går seint, men følgjer det program som er lagt opp frå sentralt hald. Pr 31.12.84 stod att investeringar på omlag 600 mill. kr før intensjonane i arbeidet mot forurensingane er oppfylgte. I 1984 bli det gitt lån (kr 4.086.000) og tilskott (kr 1.423.000) til oppryddingsprosjekt med ei kostnadsramme på tilsammen kr 9.895.750. I tillegg kjem prosjekt som er finansierte lokalt eller over kvoter for grunnlagsinvesteringar eller tomtetekniske arbeid.

Det er fortsatt få kommunar som har utarbeidd fullgode kloakkrammeplanar som både viser langsiktige løysingar og investeringsprogram for dei næraste åra. Fylkesmannen legg stadig meir vekt på at det ligg føre slike planer når det skal gjevast utsleppsløyve etter forurensingslova, og ved behandling av låne- og tilskottsøknader. Kommunane treng sjølve slike planer for å ha eit skikkeleg grunnlag for langtids- og årsbudsjett, samt oversiktsplanlegging etter bygningslova.

Oppgåver i samband med utsleppssøknader, behandling av oversiktsplaner etter bygningslova, vurdering av kommunale låne- og tilskottsaker, avgifter og budsjett, representerer fortsatt størst arbeidsoppgåve. Kommunane er blitt fordelt mellom saksbehandlarane slik at same person behandler dei fleste meir generelle saker i sin kommune.

Arbeidsinnsatsen i 1984 er rekna til 14 månadsverk.

Tabell 3. Lån og tilskott til oppryddingstiltak på avløpssektoren 1984

Kommune	Prosjekt	Kostnad	Lån	Tilskott
Rindal	Kloakkutbygging i Rindal sentrum	300.000	120.000	90.000
Surnadal	Kloakkutbygging øye Melhus-Stenberg	278.150 850.000	112.000 340.000	84.000 255.000
Neset	Kloakkutbygging Eidsvåg, 2.byggetrinn	691.000	346.000	138.000
Alesund	Kloakkutbygging Larsgården	3.600.000	700.000 (1.400.000 tidl.)	420.000



Sula	Kloakkutbygging Mauseidvåg-Fiskarstrand	1.183.600	650.000	178.000
Ulstein	Kloakkutbygging i Ulsteinvik	880.000	510.000	90.000
Eide	Kloakkutbygging i Eide sentrum	500.000	275.000	75.000
Ørskog	Kloakkutbygging i Sjøholt	530.000	320.000	53.000
Hareid	Kloakkutbygging i Hjørungavåg	270.000	150.000	40.000
Kristiansund	Kloakkutbygging i Strandgt, Spanskmuget og Lysalmenningen	805.000	563.000	0
<b>Tilsaman</b>		<b>9.895.750</b>	<b>4.086.000</b>	<b>1.423.000</b>

### 2.3 Kommunale renseanlegg

I 1984 blei det tatt i bruk eit nytt silanlegg i Tingvoll kommune.

Tabell 4. Større kloakkrenseanlegg i Møre og Romsdal.

Kommune	Anlegg	Type rensing	Drift/renseeffekt
Rindal	Rindal reseanlegg	Biologisk/kjemisk	Meget god
Fræna	Farstad	Biologisk	Tilfredsstillande
Gjemnes	Heggem	Biologisk	Tilfredsstillande
Alesund	Ase Breivika	Biologisk Sil	Mindre god Tilfredsstillande *)
Tingvoll	Tingvollvågen	Sil	Meget god *)

\*) : Silanlegg fjernar partiklar og slam over ein viss storleik som kan føre til lokale ulemper ved urensa utslepp. Renseeffekt for fosfor og organisk stoff er liten.

Arbeidsinnsats med tilsyn m.v. av kloakkrenseanlegg er i 1984 rekna til 1/2 månadsverk.

#### 2.4 Kloakkutslepp frå spredt busetnad

Myndighet etter forskriftene har tidlegare stort sett vore lagt til bygningsrådet.

I 1984 blei det foretatt endringar i "Forskrifter om separate kloakkutslipp". Forskriftene blei heimla i den nye forurensingslova, samstundes som myndigheten blei lagt til kommunen (kommunestyret), med høve til å delegere til kommunale nemnder/tjenestemenn etter prinsippa i forurensingslova. Dei fleste kommunar har delegert myndigheten slik lova gir høve til.

Miljøverndepartementet har bedt fylkesmannen delegere til kommunen myndighet i tettbygde strøk. Dette er ikkje gjort i Møre og Romsdal, idet denne myndigheten vil bli lagt til kommunen direkte i nye forskrifter som kjem i 1985. Desse vil også gjelde for kloakkutslepp til sjøen.

Fylkesmannen behandlar relativt få søknader om kloakkutslepp i tettbygde strøk. Arbeidsinnsatsen er rekna til 1 månadsverk, inklusiv klagebehandling av kommunale vedtak.

#### 2.5 Landbruksforurensing

Frå 1980 har det kvart år vore gjennomført omfattande silokontroll på omlag 500 gardsbruk i Møre og Romsdal. Det har vore påvist ulovleg utslepp av pressaft frå 35-50 % av bruka dei enkelte åra, medan omlag 2 av 3 brukarar har fått pålegg om å gjennomføre utbetringar av anlegga sine. Det har vore liten endring av desse forholdstala. Grunnen til dette er truleg at ein vesentleg del av kontrollen er gjennomført i stadig nye område. Inntrykket i område som tidlegare er blitt kontrollert er at forholda er blitt vesentleg betre.

Dei manglane som går igjen oftast er lekkasje frå siloar og gjødsellager. Dessutan er det ofte manglar ved drifta av anlegga når det gjeld montering og tilsyn med pumper. Hovudinntrykket er at anlegga har innebygd for liten tryggleik mot uhell. Det burde i større grad vere satsa på løysingar der pressafta blir samla opp ved sjølvfall til tett gjødsellager/ mellomlager eller eventuelt i siloen.

I silosesongen 1984 blei det engasjert 2 personar som ekstrahjelp (4 månadsverk). 449 bruk blei kontrollerte. 288 gardbrukarar fekk påleggsbrev. Av desse fekk 112 pålegg som krev spesiell planlegging og godkjenning av landbruksetaten. 10 gardbrukarar blei melde til politiet.

Møre og Romsdal er prøvefylke for bruk av EDB når det gjeld registrering av resultat og oppfylgging av silokontrollen. Det er utarbeidd eigen rapport med meir detaljerte data og vurderingar for silokontrollen 1984.

Det er og i mindre grad foretatt spesielt tilsyn etter "Forskrifter om lagring og spredning av husdyrgjødsel".

I samband med ei spesiell tilskottsordning under Landbuksdepartementet sitt budsjett til utbetring av gjødsellager, er det fastsett tidsfristar for gjennomføring av tiltak. 30 gardsbruk fekk i 1984 tilsammen kr 709.700 i tilskott.

Fylkesmannen avgjorde 30 søknader om frigging av skattefrie fondsavsetningar til utbetring av gjødsel- og silanlegg m.v på gardsbruk.

Arbeidet mot landbruksforurensing krevde 7 månadsverk frå dei fast tilsette. Medrekna ekstrahjelp blir innsatsen tilsaman 11 månadsverk.

## 2.6 Industri

Statens forurensningstilsyn er generelt konsesjonsmyndighet for utslepp til vatn og luft, samt støy. Industrien er blitt behandla bransjevis og det er fastsett standardkrav for dei fleste industriverksemder med store utslepp. Ein del forurensande bransjar står att, m.a. vaskeri og renseri.

Fylkesmannen er forurensningsmyndighet og behandler utsleppssøknader frå fiskeforedlingsbedrifter. I 1984 blei tatt opp til behandling 5 søknader som gjaldt nye anlegg, og 4 søknader som gjaldt gamle anlegg. 8 av desse søknadene blei ikkje ferdig behandla i 1984.

Statens forurensningstilsyn er stort sett ferdig med si konsesjonsbehandling av for dei fleste industribransjar. I 1984 var det få søknader til uttale.

Arbeidsinnsatsen blir rekna til 1 månadsverk.

## 2.7 Fiskeoppdrett

I Møre og Romsdal var det pr 31.12.84 gitt konsesjon for ialt 572.000 m<sup>3</sup> mærevolum for oppdrett av laks og regnbueaure, fordelt på 81 anlegg. Det var gitt konsesjon for produksjon av ialt 7.565.000 settefisk, fordelt på 37 anlegg.

Konsesjon for fiskeoppdrett blir gitt av Fiskeridirektoratet. Statens forurensningstilsyn (SFT) uttaler seg til søknadene når det gjeld fare for forurensing. Fylkesmannen hjelper SFT i dette arbeidet. I 1984 uttalte fylkesmannen seg til ialt 37 søknader om utviding eller etablering av oppdrettsanlegg eller settefiskanlegg. I tillegg blei mange lokalitetar vurderte på pre-søknad-stadium etter kontakt frå interessentar.

Ein del konsesjonar blir gitt på vilkår av at det etter avtale med fylkesmannen blir sett i gong eit overvåkingsprogram for vasskvaliteten i området.

Fylkesmannen utarbeidde i 1983 eit kart som viste kva område som var lite eigna for fiskeoppdrett. Det har vore ein del reaksjon på dette kartet. Erfaringa er likevel at kartet har hatt ein gunstig verknad som informasjon, idet det etterpå i liten grad er blitt søkt om å få godkjent anlegg på plassar der det må reknast med spesielle forurensingsproblem, evt spesiell fare for slike problem.

Søknader om konsesjon har i liten grad vore behandla i kommunane utanom fiskerirettleiari/fiskerinemnd. Dette har ført til konflikter med andre interesser som ville bli avdekket og unngått dersom m.a. kommunen hadde fått søknadene til behandling. Fylkesmannen etablerte i 1984 fast regel at alle søknader om konsesjon for fiskeoppdrett, settefiskanlegg m.v som blir mottekne, blir sende kommunane til orientering og eventuell fråsegn.

Arbeidsinnsatsen er rekna til 2 månadsverk.

## 2.8 Samla Plan

Arbeidet med Samla Plan la beslag på meir tid enn rekna med i 1984. Til saman 4 månadsverk blei brukt til vassdragsrapportar om forurensing og drikkevassforsyning. I 1985 vil det og måtte nyttast ein del tid til Samla Plan.

### 3. AVFALL OG GJENVINNING

#### 3.1 Kommunale avfallsanlegg

Alle kommunane i fylket har ei eller anna form for renovasjonsordning. Desse kan vere ulike både når det gjeld innsamling og behandling. I dei fleste kommunane er det obligatorisk å delta i renovasjonsordninga, i andre er det obligatorisk i dei mest sentrale delane av kommunen og i nokre få kommunar har det til no vore ei frivillig ordning. § 30 i forurensingslova føresett at det etter 1. januar 1985 skal vere obligatorisk renovasjonsordning som minst omfattar tettstadene i kommunane.

Behandling og deponering av avfallet skjer i fyllingar eller ved forbrenningsanlegg.

Så seint som i slutten av 1970-åra var dei fleste behandlingsanlegga i Møre og Romsdal lite tilfredsstillande. Ei gransking av eksisterande anlegg (Østlandskonsult/ fylkesmannen/Miljøverndepartementet, 1979) synte at det ved dei fleste anlegga var behov for omfattande investeringar og/eller meir kostnadskrevjande drift for å tilfredstille krav om ikkje å forurense eller skape ulemper i grannelaget. Mange anlegg blei og foreslått lagt ned og erstatta med nye løysingar.

Seinare er det etablert nye løysingar for/i mange av kommunane. Dels er det etablert interkommunale anlegg i regi av interkommunale selskap skipa med heimel i kommunelova, dels er det etablert reine kommunale løysingar. Nokre kommunar har avtalar med andre kommunar om levering av avfall til deira behandlingsanlegg.

Interkommunale løysingar har i dei fleste tilfelle vist seg økonomisk fordelaktig og derfor interessant i kommunal sammanheng. Reint fagleg er det og sterke syn for å etablere interkommunale selskap etter kommunelova. På den måten vil det vere eit godt grunnlag til å organisere og drive all innsamling og behandling av alt avfall på den beste måten.

Tabell 5. Vurdering av eksisterande behandlingsanlegg for avfall

Kommune	Eksister. ordning	Interkomm. ordning	Vurdering behandl.anl	Planer
Molde	Fylling	RIR	Meget god	Forbrenning (?) RIR
Kr.sund	Fylling		God	
Alesund	Fylling		Meget god	Forbrenning TK
Vanylven	Omna		Dårleg	(?)
Sande	Fylling		Meget god	
Herøy	Forbrenning	SSR	Meget god	
Ulstein	Forbrenning	SSR	Meget god	
Hareid	Forbrenning	SSR	Meget god	
Volda	Forbrenning	V/Ø	Dårleg	Forbrenning V/Ø
Ørsta	Forbrenning	V/Ø	Dårleg	Forbrenning V/Ø
Ørskog	Fylling	Alesund	Meget god	Forbrenning TK
Norddal	Fylling	Alesund	Meget god	Forbrenning TK/Stranda
Stranda	Fylling		Dårleg	Forbrenning TK/Stranda
Stordal	Fylling	Alesund	Meget god	Forbrenning TK
Sykkylven	Forbrenning		God	Forbrenning TK/Stranda
Skodje	Fylling	Alesund	Meget god	Forbrenning TK
Sula	Fylling	Alesund	Meget god	Forbrenning TK
Giske	Fylling		Dårleg	Forbrenning TK
Haram	Forbrenning		God	Forbrenning TK/Haram
Vestnes	Fylling	Alesund	Meget god	Fylling/forbr(?) RIR
Rauma	Fylling		God	
Neset	Fylling		Dårleg	
Midsund	Fylling	RIR	Meget god	Forbrenning (?) RIR
Sandøy	Fylling		Dårleg	Forbrenning TK
Aukra	Fylling		God	
Fræna	Fylling	RIR	Meget god	Forbrenning (?) RIR
Eide	Fylling	RIR	Meget god	Forbrenning (?) RIR
Averøy	Fylling	RIR	Meget god	Forbrenning (?) RIR
Frei	Fylling	Kr.sund	God	
Gjemnes	Fylling	RIR	Meget god	Forbrenning (?) RIR
Tingvoll	Fylling		Dårleg	
Sunndal	Fylling		Dårleg	(?)
Surnadal	Fylling	Surnadal	God	
Rindal	Fylling	Surnadal	God	
Aure	Fylling		Dårleg	(?)
Halsa	Fylling	Surnadal	God	
Tustna	Fylling		Dårleg	(?)
Smøla	Forbrenning		Dårleg	(?)

## Forklaring av avkortningar:

RIR:	Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonselskap
SSR:	Søre Sunnmøre Reinholdsverk
TK:	Tafjord Kraftelskap
V/Ø:	Volda/Ørsta Reinholdsverk

Sidan er det etablert ein del nye anlegg, dels for fleire kommunar. Det er sidan 1979 blitt skipa 2 interkommunale selskap etter kommunelova i samband med etablering av interkommunale løysingar.

Romsdalshalvøya Interkommunale Renovasjonselskap (RIR) etablerte i 1984 kontrollert fylling for eigarkommunane: Averøy, Eide, Fræna, Gjemnes, Midsund og Molde.

12 kommunar i Alesundregionen har i 1984 arbeidd med planlegging for løysing av avfalls- og slamproblema under føresetnad av at Tafjord Kraftselskap bygger eit forbrenningsanlegg i Alesund. Fylkesmannen har vore med i styringsgruppa og vore sekretær for dette arbeidet.

Aure, Smøla og Tustna kommunar har i 1984 arbeidd med planlegging av ny(e) løysing(ar) for innsamling transport og behandling av avfall og slam. Fylkesmannen har vore med i styringsgruppa for dette arbeidet.

Sunddal kommune engasjerte i 1984 konsulent og starta arbeidet med å komme fram til nytt behandlingsanlegg for avfall.

Vanylven kommune starta også arbeidet med planlegging av ei renovasjonsordning for kommunen.

Ut frå dei planane som ligg føre og vurderingar står det att investeringar på omlag 200 mill kr før det er etablert forskriftsmessige behandlingsanlegg for avfall i fylket. Behovet på kort sikt er omlag 100 mill kr.

Arbeidsinnsatsen i 1984 er rekna til 3 månadsverk.

### 3.2 Gjenvinning av avfall

Fylkesmannen har i samband med handlingsplanen for gjenvinning av avfall deltatt i orienteringsmøte med Miljøverndepartementet og hatt møte og synfaringar i samband med moglege prosjekt i fylket.

I Møre og Romsdal er det idag ein del bedrifter som nyttar eller gjenvinn tradisjonelle avfallsstoff, men det har ikkje blitt noko nye prosjekt i samband med handlingsplanen.

Arbeidsinnsats er rekna til 1/2 månadsverk.

### 3.3 Biloppsamlingsplassar

Fylkesmannen godkjente i 1984 to nye oppsamlingsplassar for bilvrak: American Car Club Sunndalsøra, Sunndalsøra og G. Eilertsen A/S, Hareid.

I 1984 blei også Møre Skipsopphugging A/S endeleg godkjent, og søknad om finansiering sendt Miljøverndepartementet.

Hausten 1984 gjekk Møre Gjenvinningsindustri A/S konkurs. Den kommunale plassen i Vartdal er seinare overtatt av eit nytt firma: Eiksund Gjenvinning A/S.

Pr 31.12.84 var det følgjande biloppsamlingsplassar i Møre og Romsdal:

Firma	Stad	Bilvrak innsamla i 1984
Eiksund Gjenvinning A/S	6170 Vartdal	
(Møre Gjenvinningsindustri A/S)		1 032
G.Eilertsen A/S	6060 Hareid	27
Møre Skipsopphugging A/S	6400 Molde	666
A/S Jema	6500 Kristiansund	436
American Car Club Sunndalsøra	6600 Sunndalsøra	76
Sum (mottatte vrakmeldingar til Toll- og avg.dir.)		2 237

Arbeidsinnsats i 1984 er rekna til 1/2 månadsverk.

#### 3.4 Spesialavfall

Miljøverndepartementet fastsette i 1984 "Forskrifter om leveringsplikt, innsamling, mottak og behandling/disponering av visse grupper spesialavfall". I tråd med dette er det under utvikling eit landsomfattande system for spesialavfall som vil omfatte ein del sentrale behandlingsanlegg og regionale/lokale oppsamlingsplassar. I Møre og Romsdal er det førebels planlagt ein oppsamlingsplass i Alesund.



#### 4. STØY

Fylkesmannen har 1984 ikkje hatt noko ansvar for støysaker. Søknader om konsesjon for skytebanar blir oversendt frå Statens forurensingstilsyn til uttale. I 1984 har fylkesmannen uttalt seg til 5 søknader.

#### 5. AKUTT FORURENSING

Fylkesmannen har ikkje noko ansvar for akutt forurensing. I 1984 blei det på fylkesnivå m.a. reist spørsmål om sikring av drikkevasskjelder mot akutt forurensing som følge av uhell ved transport av farleg gods. Som førebels resultat av desse drøftingane blei det registrert omfang og bruk av risikokjemikalier i bedriftene i fylket. Fylkesmannen, i samarbeid med Statens Arbeidstilsyn, stod for opplegget for registreringa, medan innhentinga av materialet blei foretatt av politiet.

Arbeidsinnsats er rekna til 1/2 månadsverk.

#### 6. KOMMUNALE AVGIFTER

Alle kommunane i fylket kravde i 1984 inn kloakkavgift etter Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter. 27 kommunar kravde inn vassavgift.

Ved iverksetting av forurensingslova blei Lov om kommunal renholdavgift oppheva. Heimelen til å krevje inn avgift for renovasjon (avfallsgebyr) vart etter dette kommunale forskrifter etter § 34 i forurensingslova. Mange kommunar måtte behandle saker om auke av renovasjonsavgiftene på nytt på grunn av dette.

Det er etter måten stor skilnad på avgiftene kommunane imellom. I nokon grad viser dette forskjell i utgifter ved dei ulike ordningane. Kommunane utnyttar i forskjellig grad høvet til å dekkje inn kostnadene/utgiftene innan vatn-, kloakk og renovasjon. Enkelte kommunar har eit vesentleg inntektspotensiale her. Nokre få kommunar har så høge avgifter at det er grunn til å vurdere dei nærare. Inntektene ved vass- og kloakkavgift og avfallsgebyr skal heilt ut nyttast innan den enkelte sektor.

Tabell 6. Vass-, kloakk og renovasjonsavgift 1984

Kommune	Vassavgifter		Kloakkavgifter		Avfallsgebyr
	Tilkopling	Arsavgift	Tilkopling	Arsavgift	
Aukra			3.700	245	400
Aure	3.000	400	2.500	300	325
Averøy	5.400	642	5.416	392	550
Eide			6.260	609	520
Frei	5.000	900	5.000	345	244
Fræna	3.206	514	3.206	514	500
Giske	8.000	720	12.000	540	400
Gjemnes	7.500	660	5.800	530	520
Halsa			4.870	365	275
Haram			2.000	200	450
Hareid			6.600	220	615
Herøy			4.191	264	615
Kristiansund	1.900	625	1.900	142,50	621
Midsund	3.745	530	3.745	480	500
Molde	2.650	1.358	2.650	836	520
Nesset	3.000	354	3.000	354	470
Norddal			5.675	430	530
Rauma	1.500	300	1.700	340	440
Rindal	4.790	445	4.790	445	276
Sande	5.400	540	5.940	340	550
Sandøy	3.025	570	3.630	260	275
Skodje	7.082	680	4.625	550	495
Smøla	5.500	500	5.500	310	430
Stordal			3.129	196	514
Stranda	3.630	380	4.515	320	444
Sula	3.240	396	7.560	228	530
Sunndal	3.000	350	3.000	300	390
Surnadal	3.200	450	3.200	360	400
Sykkylven	5.000	759	3.700	175	340
Tingvoll			4.300	490	475
Tustna			4.160	385	305
Ulstein	4.200	532	6.405	383	615
Vanylven	3.600	486	3.600	360	
Vestnes			5.000	600	460
Volda	4.760	273.60	8.060	171	570
Ørskog			6.100	260	450
Ørsta	4.760	273.60	8.060	171	570
Alesund	1.650/ 7.000*)	540	1.165/ 19.000*)	330	595

Avgiftene er ekskl. mva, og gjeld for bustadhus på 100 m<sup>2</sup> leigeareal og for 1 stativ. Avgifter merka \*) gjeld utanfor byggefelt.

## 7. FRILUFTSLIV OG NATURVERN

Friluftsliv og naturvern-seksjonen sitt arbeide har også i 1984 delvis vore prega av at miljøvern-avdelinga er ein nyetablert avdeling. Innflytting i nye kontorlokale saman med resten av avdelinga får vi tru vil lette arbeidssituasjonen noko og auke produktiviteten og trivselen. I tillegg til dei meir rutinemessige oppgåvene som seksjonen arbeider med har prosjekt som Samla Plan, Møre I og andre større enkeltsaker teke ein vesentleg del av kapasiteten. Dette har som venta ført til at meir langsiktige arbeidsoppgåver som t.d. fylkesvise verneplanar, langtidsplanlegging, rullering av Handlingsprogrammet for friluftslivet i Møre og Romsdal m.m. har blitt utsett.

Grovt kan dei 4 fast tilsette sitt forbruk av tid delast slik:

- Enkeltsaker, møte, synfaringar i den samanheng (Mange plansaker)	18 månadsverk
- Samla Plan	8 månadsverk
- Møre I	2 månadsverk
- Verneplaner	6 månadsverk
- Fylkesfriluftsnemnda	<u>14 månadsverk</u>
I alt	48 månadsverk

I tillegg har engasjert personell utført 1,9 årsverk på ulike prosjekt som Samla Plan, Møre I og dei fylkesvise verneplanane.

### 7.1 Naturvernarbeidet

Arbeidet med dei fylkesvise verneplanar er prioritert etter følgjande langtidsplan:

Verneplantype	Arbeid på fylkesnivå	Innhenting av merknader	Gjennomføring
Trollheimen		1982/83	1985/86
Våtmark		1983/84	1985/86
Geologi, lausmasse	1982/85		
Geologi, mineral	1982/83	1984/85	1985/86
Sjøfugl	1982/84	1984/85	1986/87
Edellauvskog	1984	1985/86	1987/88
Myrtypar	1984	1985/86	1987/88
Strandenger	1984	1985/86	1987/88
Barskog	1984	1985/86	1987/88
Landskapstype	1985	1986/87	1987/88
Reinheimen	(mellombels fylkesplanvedtekt innført)		

Vidareføring av arbeidet med "Reinheimen" må sjåast i samanheng med handsaminga av Samla Plan, då eit endeleg vedtak i Stortinget om utbyggingsalternativ i Rauma elv m/sidevassdrag er avgjerande for om det er aktuelt å etablere eit verna område i Norddottadalen/Tafjordfjella. Fylkesmannen har gjort framlegg om at området blir vurdert i samband med Statens naturvernråd si utgreiing om nye nasjonalparker i Norge.

På grunn av oppgåvene med Samla Plan og Møre I m.v. er ikkje langtidsplanen gjennomført, men det er arbeidd noko med dei fleste prioriterte prosjekta. For prosjektpengar på kap 1422, post 21 har arbeidet med myrreservatplanen starta opp for fullt i 1984. Status for dei enkelte verneplanane og andre viktige prosjekt som seksjonen arbeider med kan kort karakteriserast slik:

- Verneplan for Trollheimen

Arbeidet med denne planen er slutført og sendt Miljøverndepartementet med tilråding om å gjennomføre landskapsvern etter det største alternativet.

Fylkesmannen har og rådd til at det blir oppretta eit skogreservat i Svartådalen/Svartåmoenområdet og at verneområdet blir noko utvida mot nordvest da dette er av vesentleg verdi for verneinteressene. Det er og gjort framlegg om at det blir etablert ei oppsynsteneste i Trollheimen landskapsvernområde og Svartåmoen skogreservat på heiltid og med kontorstad i Surnadal kommune. I tillegg har fylkesmannen rådd til at det blir tilsett lokale oppsynsmenn/kvinner i kvar kommune på deltid.

- Verneplan for våtmarksområde

Siste høyringsrunde på lokal- og fylkesnivå er gjennomført i 1984, og eit meir eller mindre samanhengande arbeide som har pågått heilt ifrå 1976 blir med dette slutført. I samanheng med denne høyringa vart det gjennomført synfaringar og møte med grunneigarane og kommunane i så og seie alle områda. Eit svært tidkrevjande arbeid. I Møre og Romsdal fylkeskommune har fylkesutvalet vedteke at våtmarksplanen skal handsamast i fylkestinget, noko som ikkje kan blir gjort før i mars 1985. Etter ein førebels gjennomgang av innkomne merknader frå grunneigarane, organisasjonar, ulike offentlege faglege organ m.m. vil truleg dei fleste områda i planen bli foreslått verna med heimel i naturvernlova. Nokre mindre justeringar av grenser og vernereglar må til i enkelte område, men stort sett er dei reelle konfliktane med andre arealbruksinteresser moderate.

Vi reknar med å sende tilrådinga til Miljøverndepartementet i løpet av våren 1985 og at endeleg vedtak om vern blir teke av Regjeringa først på 1986.

- Verneplan for mineralforekomster

I samsvar med tilrådinga frå fylkesmannen vedtok Regjeringa hausten 1984 å frede 3 forekomstar av eklogitt.

- Vanylven kommune	"Helgehornvatnet"	18 da
- " " " "	"Raudehaugen"	52 da
- Norddal	"Kallskaret"	900 da.

Verneforma er reservat og det må etablerast oppsyn i og gjennomførast grensemerking av dei tre områda i 1985.

- Verneplan for sjøfuglreservat

På grunn av andre arbeidsoppgåver har framdrifta i arbeidet med denne planen vore heller liten. Men vi reknar med at dei naturfaglege data som er innhenta til Møre I-rapporten vil gi eit enda sikrere grunnlag

til å utarbeide det endelege plandokumentet. Dersom arbeidet går som planlagt, skal første høyringsrunde gjennomførast i 1985.

- Verneplan for kvartærgeologi/geomorfologi

Både manglande datagrunnlag og kapasitet har gjort at det ikkje er arbeidd med denne planen i 1984. Geografisk institutt, Universitetet i Oslo har lova å kome med eit framlegg til plandokument i 1984, men dette har vi enno ikkje motteke.

- Verneplan for edellauvskog

Manglande kapasitet har ført til at det ikkje er arbeidd med denne planen i 1984, men det er teke initiativ i nokre enkeltsaker der grunneigar(ane) har hatt ønskje om å nytte områda til andre føremål. Dette gjeld m.a. skogsvegbygging.

Den lange tidsperioden mellom fagrappport og utarbeiding av verneplan er i det heile eit problem som medfører mykje ekstraarbeid. Det må derfor bli eit mål at tida mellom registreringsfase - planfase og planfase - gjennomføring blir så kort som mogleg.

- Verneplan for myrreservat

Arbeidet er ført fram til framlegg om grenser for det enkelte område og det er laga utkast til den skriftlege delen av planen.

Det er og teke kontakt, både skriftleg og muntleg, med jord- og skogbruksstyresmaktene og kommunane. Desse er blitt bedne om å melde frå til fylkesmannen dersom dei blir kjent med planar om inngrep som kan redusere verneverdien i det enkelte område. Arbeidet med denne planen vil bli slutført i 1985.

- Verneplan for strandenger/deltaområde

Økoforsk har gjennomført registrering av alle aktuelle forekomster i 1984 og det ligg alt føre ei førebels opplisting av dei områda som det er aktuelt å verne med heimel i naturvernlova.

Talet på verneområde vil bli ca 30, men mange av desse er alt med i våtmarksplanen. Det er derfor svært viktig at dei botaniske verneinteressene er med i vurderinga når grensene for våtmarksområda blir fastsette. To av dei viktigaste områda av deltatypen har det siste året vore utsette for sterkt press frå andre arealbruksinteresser. Dette gjeld Batnfjordsøra og Tresfjorden. Korleis utfallet blir i desse sakene er ikkje avgjort pr 01.01.85.

- Verneplan for rikfuruskog

Jørn Erik Bjørndalen, Sogn og Fjordane distriktshøgskule, gjennomførte i 1984 registrering av denne naturtypen, og vi reknar med at det vil bli framlagt fagrappport i 1985. Planfasen kan ikkje starte opp før i 1986.

- Grimstadvatnet naturreservat

Arbeidet med å etablere oppsyn og merking av området er slutført. Men ein grunneigar har nekta at det blir utsett merke på hans eigedom. Det er ikkje teke noko stilling til korleis problemet skal

taklast, men vi reknar med at dei foreståande drøftingar om erstatning m.v. vil føre fram til ei løysing.

- Runde fredingsområde

Tilstrøyminga av tilreisande til Runde er som før stor, sjølv om trafikken har gått noko ned i høve til dei første åra med fastlands-samband. Etter dei rapportane som er mottekne frå oppsynet og andre er det svært få konflikhtar mellom turistane og vernereglane. Den store trafikken har til dels medført store ulemper for dei fast busette. Særleg gjeld dette Goksøyrområdet som er hovudoppmarsj-området til fuglefjella. Det vart derfor i 1984 sett i verk opparbeiding av parkeringsplass med kapasitet for ca 100 bilar. Det ligg og føre planar om å oppføre sanitæranlegg m.m. i same området. Det har og lenge vore eit ønskje frå dei som vil studere fuglelivet noko meir inngåande at det blir oppført ei observasjonshytte i eit av fuglefjella. Økonomien til slike tiltak er ikkje god, men parkeringsplassen skal iallefall bli ferdig til bruk i sesongen 1985.

- Veøy landskapsvernområde

Arbeidet med å utarbeide ein skjøtselsplan for Veøya vart starta opp i 1984. Innhaldet i vernereglane for dette området har ikkje vore etterlevd fram til denne tid og det hastar med å kome igang med tiltak som kan halde kulturlandskapet vedlike. Ein hovudfagstudent har starta opp arbeidet med å utarbeide ein skjøtselplan i samarbeid med fagfolk frå Økoforsk, og det er å håpe at dei i fellesskap kan kome fram til ei planløysing som er å leve med, også økonomisk. Det har heller ikkje vore etablert noko fast oppsynsteneste i Veøy landskapsvernområde, men dette vil bli sett i verk frå våren 1985.

- Nasjonalparkutgreinga til Statens naturvernråd

Fylkesmannen har gjort framlegg om at følgjande område i Møre og Romsdal blir vurderte:

- |   |                        |
|---|------------------------|
| 1. Geiranger - Herdalsområdet                 | ca 500 km <sup>2</sup> |
| Fjord- og fjellandskap                        |                        |
| 2. Utviding av Dovrefjell nasjonalpark        |                        |
| Fjellandskap                                  | ca 535 km <sup>2</sup> |
| 3. "Reinheimen" (Nordottadalen-Tafjordfjella) |                        |
| Fjellandskap                                  | ca 650 km <sup>2</sup> |

Dei to siste områda vil kreve samarbeid med nabofylka Sør-Trøndelag og Oppland. Slik kontakt er alt oppretta.

Statens naturvernråd har prioritert alle desse områda i gruppe I i ein tredelt verdiskala for gruppering av alle aktuelle prosjekt i landet.

- Smøla-prosjektet

Samarbeidet om å gjennomføre vern av dei mest verdifulle naturområda i Smøla kommune har gått noko tregt. Miljøvernavdelinga har derfor teke eit nytt initiativ for å få dette arbeidet i gang, slik at evt konflikter mellom vern og næringsmessig utvikling kan bli klarlagt. Avdelinga håper på at dette arbeidet kan bli sluttført i 1985.

## 7.2 Friluftsliv

Interessene for å sikre friluftssinteressene, både når det gjeld planlegging, kjøp og opparbeiding av område er fortsatt svært stor, og det er fremma søknader for ein samla investering i denne sektoren på i alt kr 13.031.009,-.

1. Planlegging av friluftss- og naturområde, post 60	kr	955.000,-
2. Opparbeiding av friluftss- og naturområde, post 60	"	3.686.380,-
3. Tilskott til sikring av friluftss- og naturområde, post 60	"	450.508,-
4. Heil dekning av utgifter til kjøp av friluftss- og naturområde, post 30	"	770.350,-
5. Heil dekning av utg. til opparbeiding av friluftss- og naturområde, post 31,2	"	<u>7.168.771,-</u>
I alt	kr	13.031.009,-

Handlingsprogrammet for friluftslivet i Møre og Romsdal reknar med ei samla investering på ca kr 30 mill. i perioden 1982-91. Dei åra som har gått syner at det ikkje er mogleg å nå denne målsettinga. Alle offentlege organ som arbeider med desse spørsmåla har budsjett som ligg langt under trongen til pengar. Arbeidet med justering av handlingsprogrammet er derfor sett igang, men mangel på kapasitet ved avdelinga har ført til at dette ikkje er sluttført. Manglande løyvingar frå kommunane og staten har ført til at gjennomføringa av dei enkelte prosjekt er blitt utsett. Dette er ei svært uheldig utvikling, då det kan føre til at interessen for dette arbeidet blir mindre.

I samarbeid med Møre og Romsdal fylkeskommune, Planavdelinga, og aktuelle vertskommunar er det gjennomført 2 større planarbeid for å sikre friluftss- og naturverninteressene. Arbeidet med plan for Prestmyrområdet i Frei kommune vart sluttført i 1984, medan planarbeidet for fjordsystemet mellom Hareidlandet og Gurskøya (Den grønne korridor) går vidare også i 1985. Arsaken til det er dei undersøkingane som NIVA er engasjert til å gjennomføre når det gjeld tilstanden i sjølve fjordsystemet. Dette er eit typisk kystsoneplanleggingsprosjekt der fleirbruken i kystområda og dei konfliktene dette medfører blir nøye vurderte mot kvarandre og bæreevna til naturgrunnlaget.

Avdelinga ser på dette prosjektet som svært viktig for å få erfaring i å vurdere dei problem som bruken av kystnaturen vil føre til både når det gjeld tradisjonell utbygging og utvikling av nye næringar som t.d. akvakultur.

### 7.3 Fylkesfriluftsnemnda

Miljøvernavdelinga fungerer som sekretariat for fylkesfriluftsnemnda. I 1984 vart det halde 12 møte. Fire av desse gjekk over 2 dagar slik at det i alt gjekk med 16 dagar. I tillegg til dette vart fleire mindre synfaringar gjennomførte der ein eller to representantar frå nemnda deltok saman med tilsette i miljøvernavdelinga.

I 1984 var i alt 515 saker behandla i fylkesfriluftsnemnda. Desse fordelte seg på ymse sakstyper på denne måten:

Strandplanlovsaker	299
Plansaker etter bygningslova	102
Kraftverk og kraftliner	2
Tilskottsaker (91 søknader)	3
Vegar	10
Naturvernsaker	7
Massetak, naturinngrep	3
Andre saker	89

Sekretariatfunksjonen krev ein innsats på omlag 1,5 årsverk av personalet i miljøvernavdelinga.

Fylkeskommunen bidrar med maskinskriving av saksdokumenta for fylkesfriluftsnemnda. Dette representerer ein innsats på bortimot eit halvt årsverk i året. Ved fylkesmannsembetet er skrivekapasiteten ein trong flaskehals, og slik assistanse frå fylkeskommunen er naudsynt om sekretærteneesten skal fungere.



## 8. FISK

Verksemda har vore sterkt prega av dei spesielle tilhøva ein har hatt innan dette feltet. I 1984 har det vore gjennomført særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure i Møre og Romsdal, som ein følge av den negative utviklinga som fangststatistikken for laks og sjøaure i elv og sjø har synt dei siste 10 åra. For elvefisket etter laks er fangstane dei siste 10 åra meir enn halvert.

Ein stor del av arbeidsinnsatsen har gått med til utgreiingar, granskingar, bearbeiding av data og innsamla biologisk materiale, møte og annan informasjonsverksemd i samband med dei særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure, samt i samband med utbreiinga av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*.

Fiskerikonsulenten har teke del i ei rekke befaringar, møte og kurs av ymse slag innan fagfeltet, og ved mange høve halde faglege inlegg/-foredrag.

Det vart i 1984 registrert to nye vassdrag som er infisert av lakseparasitten, og fylket har med dette tilsaman 16 av landet sine 26 infiserte vassdrag.

Arbeidet innan ferskvassfisksektoren er gjort etter ei sterk prioritering, og det er såleis beklageleg at mange viktige oppgåver er blitt liggande uløyste. Det er dei ytre tilhøva som til no har vore avgjerande for korleis arbeidsinnsatsen skal nyttast.

I samband med dei særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure har ein person vore engasjert sidan 1. juli. I tillegg til dette var ein person engasjert i vel 3 månader til feltarbeid og bearbeiding av innsamla materiale, då særleg i samband med granskingar av elver infiserte av lakseparasitten.

Av saker som fylkesmannen er delegert mynde til å fatte vedtak i, er det tilsaman innvilga 28 stamfiskeløyver for fangst av laks og sjøaure, 3 fiskeløyver for prøvafiske/uttynningsfiske og 6 fiskeløyver til enkeltpersonar. Eit fleirtal av dei som har fått innvilga stamfiskeløyver har ikkje oppnådd å fylle sine kvoter, noko som i stor grad har samband med at fiskebestandane i fylket er svake talmessig sett.

Nordmøre laksestyre sitt klekkeri på Jordalsgrenda, Sunndal kommune, vart sett i god stand etter initiativ og bistand frå fylkesmannen. Det er nedlagt ein stor dugnadsinnsats i samband med dette arbeidet.

Det er gjeve uttale til søknad om konsesjon for bygging av Vatne kraftverk, Ørsta kommune.

Det er behandla ei rekke saker som omhandlar ulike former for kanalisering, forbygging og brubygging. Desse sakene har vore tilgodesett med ei særleg merksemd. Fylkesmannen har teke dette problemområdet opp på eit generelt grunnlag i eit notat til DVF, med tanke på ei endring av rutinane for slik handsaming.

Det har vore gjeve uttale til ei rekkje søknader om konsesjon for etablering av anlegg for fiskeoppdrett. Desse sakene har i den seinare tid krevd stadig større merksemd og tid. I mange tilfeller er

etableringar av slike anlegg i klår konflikt med det omsyn fylkesmannen skal ta, jf. DVF si målsetting.

### 8.1 Ressurs og biotopkartlegging

I følge offentlig statistikk har fylket tilsaman 22 130 vatn med smått og stort. Dette utgjør tilsaman eit vassdekt areal på ca 508 km<sup>2</sup>. Berre frå eit fåtal av desse vatna ligg det føre kunnskap om dei fiskeri-biologiske tilhøva.

I fylket er det registrert ca 60 vassdrag som fører laks og sjøaure. Det eigentlege talet er sannsynlegvis minst det dobbelte.

Målsettinga for Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk er og gjeldande for forvaltninga på fylkesplan. Denne målsettinga sine pkt 1 og 2, som omfattar vern av livsgrunnlaget til våre ferskvassfiskeartar og å sikre den naturlege artsrikdomen av ferskvassfisk, skal vere prioriterte oppgåver. Ein føresetnad for oppfylling av desse punkta i målsettinga er at ein kjenner til den geografiske utbreiinga til desse artane samt at ein har ei oversikt over deira livsgrunnlag. I Møre og Romsdal er kunnskapen på desse områda sers mangelfull, og det er eit stort behov for å kome i gang med registreringsarbeid. Til no har arbeidssituasjonen og bemanninga ikkje gjeve høve til ei slik verksemd.

#### Innlandsfisk/innlandsfiske

I fylket er det ikkje registrert næringsfiske etter innlandsfisk. Ei rekke vatn er undersøkte med omsyn til hydrografi og fiskebestander. Garn, utstyr for prøvetaking samt ei orientering om ulike framgangsmåter er besørge av fiskerikonsulenten. Ein har diverre ikkje funne å kunne prioritere ei deltaking i denne type arbeid. Det står att mykje arbeid i samanheng med analysar og vurderingar av innsamla materiale, noko som klårt blir oppfatta som uheldig frå dei ulike partar som har gjennomført feltarbeidet.

#### Blanda vassdrag

For Sunnmøre og Romsdal ligg det føre særlege fiskereglar for fiske etter innlandsfisk i vassdrag som fører laks og sjøaure. Frå Nordmøre har det kome fram ei rekkje ønsker om lik tilgang til slikt fiske. For dei vatn på Nordmøre kor desse spørsmåla klarast har kome til uttrykk, nemleg Nåsvatnet, Vassgårdsvatnet og Lyngstadvatnet i Eide kommune, er endring av reglane ikkje å anbefale utan nærare granskingar, då det her er særlege bestander å ta omsyn til. I 1984 vart det prøvafiska i tre blanda vassdrag med tanke på å finne fram til fiskereglar som gjer det mogleg å utnytte dei ulike bestander av fisk i vassdraga på ein biologisk riktig måte. Prøvene syner at det er naudsynt med fleire prøvetakingar.

#### Fangst av ål

I fylket er det mange vassdrag med ein stor produksjon av ål. Frå tidlegare er det gjort fleire forsøk på å utnytte denne ressursen. Dette arbeidet kom godt i gang, men det har diverre ikkje vore mogeleg å halda fram med forsøka. Fylkesmannen har fått ei rekkje henvendelsar med ønskje om ein fortsatt fagleg bistand.

### Laks og sjøaureførande vassdrag

Den samla årlege fangst av laks i elvene i fylket er meir enn halvert (i vekt) i løpet av dei siste 10 åra. Dette trass i at statistikkgrunnlaget stadig er blitt bedra. I same perioden er fangstane (i vekt) av sjøaure i vassdraga gått opp. Det er eit stadig aukande behov for ein betre fangststatistikk, samstundes som behovet for biologisk overvaking og er aukande. Til no har ikkje sur nedbør gjort seg gjeldande her i fylket, men det er ei rekkje andre faktorar som verkar inn på fiskebestandane og då som oftast negativt.

### Sjøaureførande vassdrag på Smøla

Det er gjort ei synfaring av samtlege sjøaurevassdrag på Smøla i samband med dei særlege reglar som gjeld for fisket etter sjøaure i denne kommunen. Ei rekkje faktorar vart påpeika for dei lokale interessene med tanke på ei betring av vassdraga sin produksjon og attraksjonsverdi som sportsfiskevassdrag.

## 8.2 Lakseparasitten Gyrodactylus salaris

I 1984 vart det registrert to nye vassdrag som er infiserte av lakseparasitten *G. salaris*, nemleg Aure-elva og Vikelva i Sykkylven kommune. I fylket er det no tilsaman 16 vassdrag som er infiserte av denne parasitten. Ei rekkje av dei infiserte vassdraga vart i 1984 undersøkte med omsyn til utviklinga i parasittangrepet, og ei rekkje andre elver som ein meiner er truga av ein infeksjon vart og granska. Sjølv om ein anser hovudspreiingsvegane å vere kjende for denne parasitten, har utviklinga her i fylket klårt synt at vi ikkje har kontroll med situasjonen, noko som er sers beklageleg. Store og verdfulle ressursar er i dag truga, og det manglar både midlar til granskingar og tiltak og på den formelle haldninga til problemet for at det etter vår meining skal vere mogleg å gjere noko aktivt for å hindre ei vidare utbreiing av parasitten.

Som eit forsøk på å minske skadeverknadane av parasitten er det til no stengt laksetrapper i tre elver i fylket. Det vert sett ut lakseyngel i øvre deler av eit par vassdrag for med dette å forsøke å oppretthalde ein betre produksjon i desse elvene.

Fiskerikonsulenten har teke del i eit utval nedsett av DVF for å klargjere ein mogleg kompensasjon for dei skader lakseparasitten har gjort og gjer i elvane i Rauma kommune. Utvalet avga si innstilling i juli 1984.

Som eit forsøk på ein slik kompensasjon vart det sett ut ca 170.000 lakseyngel i eit mindre vatn (Fekjavatnet) ved Flatmark i Romsdalen. Utsettinga blei gjort etter at vatnet på førehand var reinska for all fisk ved ei rotenonbehandling. I utlaupet av vatnet er det bygd ei oppgangssperre. Dei utsette fiskeungane har vore fôra ved hjelp av tre fôrautomatar. Så langt ser det ut til at tiltaket er vellukka.

### Planar om rotenonbehandling av Batnfjordselva

Det er utarbeidd konkrete planer for rotenonbehandling av Batnfjordselva som eit forsøk på å utrydde lakseparasitten. Ei prøvetaking av fisken i vassdraget seint på hausten, synte at bestandssamansetjinga av lakseungar var uvanleg. Dette var av ei slik interesse for forskning omkring denne parasitten at den planlagte rotenonbehandlinga vart utsett førebels i eitt år. Det vil no bli sett i gang eit forskingsprosjekt for å granske dei spesielle tilhøva i Batnfjordselva nærare.

### 8.3 Særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure

I 1984 har det vore gjennomført særlege reguleringar i fisket etter laks og sjøaure i Møre og Romsdal. Fylkesmannen er av DVF bede om å stå for den praktiske gjennomføringa av ulike tiltak for oppfølging som ein i samråd med DVF var samd om å gjennomføre:

- merking/gjenfangstforsøk av laks.

Det vart merka 56 laks. Av desse er 15 gjenfanga. Alle gjenfangstar er gjort i Møre og Romsdal.

- statistikk for faststående reiskap

Det vart utsendt fangstdagbøker til 640 registrerte fiskarar. Til saman har 350 sendt inn utfyllt fangstdagbok. Materialet er behandla statistisk av Statistisk Sentralbyrå. Dette materialet blir no vidare behandla av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

- statistikk for elvene:  
Surna, Rauma, Eira, Ørstaelva og Kilselva

Det har vore registrert fangst i desse elvene nær opp til det nivå ein på førehand ønskte seg. Materialet er no under behandling.

- garnskadegranskingar i elvene:  
Surna, Rauma og Ørstaelva

Registreringane har blitt gjennomførte som ein ønskte. Kvar registrering er godtgjort med eit mindre beløp. Materialet er no under behandling.

- statistikk for dorgefiske etter laks og sjøaure

Det lukkast berre å kome i kontakt med eit fåtal dorgarar. Ingen har sendt inn fangstdagbok. Dette delprosjektet er førebels mislukka. Nye forsøk blir gjort i 1985.

- registrering av gyteaktivitet i Surna, Eira og Rauma

Flyregistreringar i desse elvene vart ikkje gjennomført som følge av ugunstige vertilhøve. Registreringane i Eira ved synfaring i sjølve elva vart gjennomført. Det er utarbeidd rapport for desse registreringane.

- prøvofiske med makrellgarn og laksegarn på Sunnmøre

Prosjektet vart gjennomført på ein tilfredsstillande måte og med sær stor innsats og interesse frå dei delaktige. Resultata ligg føre i eigen rapport.

- informasjonsaktivitet

Det er orientert om prosjektet ved ei rekke høve. Det vart halde pressekonferanse, og dessutan gjeve intervju til aviser og radio ved fleire høve gjennom sesongen.

## 9. VILT

Møre og Romsdal er eit interessant og utfordrande fylke i viltsamheng. Utvalet av viltartar er stort, og avspeglar variasjonsbreidda i naturtypar frå hav og øygd til høg fjellsområda i innlandet. Ein finn såleis jaktbare bestandar av alle fire hjorteviltartane, og dei aller fleste småviltartane som det er tillate å jakte på. Av store rovdyr finst både bjørn, jerv og gaupe, medan begge ørneartane førekjem i levedyktige og til dels tette bestandar.

Jegerregisteret viser noko i overkant av 8000 jegerar. Dette er ein andel av befolkninga i fylket som ligg litt over jegerprosenten på landsbasis. Med ein eigedomsstruktur som er representativ for Vestlandet, er tilgangen til jakt etter både små- og storvilt god, sjølv om mykje enno kan gjerast på organiseringssida.

1984 var eit år med nyval av viltnemnder. Fleire stader vart det full utskiftning av medlemane, og det vart nytta mykje tid til informasjon og skoloring av nemndene. Fellesmøtet vart avvikla med svært god oppslutnad, og det vart halde eit dagars kurs for sekretærar og formenn i viltnemndene. Ordninga med at tenestemenn i skogoppsynet tek på seg sekretærfunksjonen i viltnemndene er forsøkt bygd ut, og fungerer godt der slikt samarbeid har kome i gang. Det har ikkje vorte tid til å arrangere regionvise møte med viltnemndene med sikte på ei meir stammeorientert hjorteviltforvaltning. Behovet er absolutt tilstades. Viltkonsulenten har teke del i årsmøte for villreinutvalet for Snøhetta.

Molde og Omegn Jeger og Sportsfiskerforening har fått dispensasjon etter § 55 i viltlova for å drive dressurverksemd i eit utmarksområde i Moldemarka. Fylkesmannen støttar dette tiltaket, og ser positivt på at dressur av jakthundar kjem inn i kontrollerbare og organiserte former.

Det var ikkje aktuelt å innføre ekstraordinær bandtvang for hund i løpet av meldingsåret.

### 9.1 Viltet og viltet sine leveområde

Arbeidet med å ivareta viltinteressene i plansaker har vore vanskeleg pga dårleg og forelda viltbiotopkartverk. I løpet av året fekk fylkesmannen midlar til å utarbeide eit nytt viltbiotopkartverk for fylket. Ein vonar å få ferdig eit råutkast i løpet av 1985. Det vart gjort datainnsamling og synfaring for å utgreie viltinteressene i sju vassdrag som er med i Samla Plan. Arbeidet med dei øvrige 1984-vassdraga i Samla Plan er overlata til Reguleringsundersøkingane i DVF.

For å få betre kunnskap om årsaken til dei store sauetapa på utmarksbeite i Valsøyfjord i Halså kommune, vart det sett i gang eit prosjekt finansiert av viltfondet. Lokalt har ørn fått skulda for ein stor del av tapa, og DVF har gjennom fleire år fått mange søknader om erstatning for tap av sau og lam som det vert hevda skuldast ørn. Arbeidet i marka vart utført av ein hovudfagstudent frå NLH i samarbeid med ein del av saueigarane og med god hjelp frå landbrukskontoret i Halså. Det vart

gjort ein stor innsats for å finne kadaver og byttedyrrestar vart innsamla frå kongeørnreir. Dessuten vart det foretatt beitetakseringar i delar av området, med særleg vekt på forekomsten av plantearten rome.

Materialet er enno ikkje ferdig bearbeidd, men resultatata så langt viser at det av 41 registrerte kadaver kunne dødsårsaken for 15 av desse tilskrivast alveld (romeforgiftning). For 14 av tilfella var alveld usannsynleg som dødsårsak, medan 12 kadaver hadde ligge så lenge at det var uråd å slå fast dødsårsak. Byttedyrrestar samla frå eit kongeørnreir i området viste ei fordeling som er vanleg for arten elles. Det var dominans av ryper, hare og smågnagarar. Sau ser ut til å ha spela ei underordna rolle i ørna sitt diettval, og truleg i hovudsak i form av kadaver.

Beiteskader av nemnande omfang forårsaka av hjortevilt er i hovudsak knytta til hjorten. Ein har inntrykk av at innmarksskadene er av aukande omfang i enkelte distrikt, men med større fellingskvoter i skadeområda og løyve til å ta dyr på kvoten før den ordinære jakta bør problemet kunne handterast.

Eit anna problem ein først har vorte merksam på dei seinare åra, er at hjorten tek til å beite topp- og sideskot av ung gran i plantefelt i enkelte overvintringsområde. Slike skader finn ein spreidd over det meste av fylket, men særleg i område i Surnadal og Sunndal har skadene vore relativt omfattande lokalt. Sjølv om beiteadferd på gran har auka dei seinare åra, er likevel ikkje fenomenet nytt i fylket. I siste halvdel av 1960-talet vart det såleis registrert omfattande beiteskader på unge plantefelt m.a. i Vatnedalen i Ørsta. Arsaka til skadene den gong er truleg den same som i dag, nemleg at vinterbestanden av hjort lokalt er for stor i høve til beiteressursane. Då den harde snøvinteren i 1967/68 knekte store deler av bestanden som sokna til Vatnedalen, vann grana å kome over arbeidshøgda for hjorten, og granskogen står no mest utan ytre teikn på tidlegare skade der.

Det er likevel lite tilfredsstillande at det er harde snøvintrar som skal regulere hjortestamma og avdempe skadepresset på skogen. Moglegheitene for å løyse problema under ordinær jakt og tilpasse uttaket etter storleiken på bestanden i høve til beitetilgangen i vinterområda er begrensa. Vi har jamnt over liten kunnskap om kvar dyra som overvintrar i skadeområda held seg under jakta, og i fleire tilfelle kjem dei først til vinterområda etter at den ordinære jakttida er slutt. Ein mogleg måte å få ei hardare felling i overvintringsområda vil vere ei utvida jakttid på ordinær kvote som ei tidleg vinterjakt. Elles kan alternativet vere felling av skadedyre i medhald av § 13 i viltlova. Verdien av slike dyr tilfell Viltfondet, og det er ofte motstand hos aktuelle grunneigarar mot ein slik framgangsmåte. Det ligg viktige registrerings- og forskningsoppgåver i åra som kjem på problematikken omkring hjort/vinterbeite og strategiar for å hindre skade, overbeiting og vinterdød/nedsett vekst og reproduksjon hos hjort pga nedslitte vinterbeite.

Av andre skadeproblem i 1984 kan nemnast sauetap forårsaka av jerv i Sunndal og Nasset, og uvesentleg skade på bufe i Stordal forårsaka av bjørn. Dessutan sporadiske skader på innmark av grågås og canadagås.

## 9.2 Hjorteviltforvaltninga

Avskytinga av hjortevilt nådde ny rekord i 1984 både når det gjeld hjort og elg. Dei aller fleste kommunane praktiserer retta avskyting og fylket sett under eitt er det ei god fordeling på ulike kjønn og aldersgrupper. I mange kommunar kan likevel avskytingsopplegget forbeholdt, og fleire stader er truleg uttaket mindre enn produksjonen. Fylkesmannen har innvilga to søknader om reduksjon av minsteareal, for hjort i Midsund og for elg i Rindal.

Møre og Romsdal er og mellom dei største rådyrfylka i landet med 1007 felte dyr i 1983. Arten er enno berre sporadisk utbreidd på Sunnmøre, men i ekspansjon, og i åra som kjem vil det bli aktuelt å opne jakt i fleire nye kommunar. I meldingsåret vart det opna for jakt på øya Gossen i Aukra kommune.

Det har vore fire klagesaker til behandling etter hjorteviltforskriftene.

Det har vore ein del arbeid både med å betre valdsstrukturen for storviltjakt og organisering av utmarkslag for småviltjakt. Dette er ei stor og viktig arbeidsoppgåve der kapasitetsproblem avgrensar innsatsen. Viltkonsulenten har teke del som forelesar på eit kurs arrangert av fylkesutmarkslaget om oppstarting og drift av utmarkslag.

### Skotpremie

Mange kommunar har innarbeidde ordningar med skotpremie. Det er sendt ut rundskriv til kommunane med orientering om at slike ordningar krev godkjenning frå fylkesmannen. I rundskrivet vart det gjort greie for at vanlege skotpremiar har liten eller ingen dokumenterbar effekt på bestandsnivået for artar med høg reproduksjonsevne som raudrev, mink og kråke, og det vart skisseret alternative måtar å legge opp ordninga på slik at ein kan få betre effekt og meir rasjonell administrasjon av dei midla kommunane finn å ville løyve til skotpremie. To skotpremieordningar er godkjent i løpet av meldingsåret.



## 10. FORUNDERSØKINGAR AV KONSEKVEN SAR VED OLJEBORING PÅ MØRE I

### NATUR- OG MILJØVERN

Våren 1984 blei det i Stortinget gjort vedtak på at det skulle skaffast fram opplysningar for å vurdere miljøvernmessige konsekvensar ved ei eventuell opning av Møre I. Etter søknad til Olje og Energidepartementet fekk miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal løyvd kr 400.000,- til ei slik undersøking.

Det blei inngått eit nært samarbeid med Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk og miljøvernavdelingane i dei to nabofylka Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag.

På grunn av den korte fristen, blei det ikkje høve til å samle inn nye opplysningar, og arbeidet bestod difor i å innhente, omarbeide og presentere allereie innsamla opplysningar. Hovudvekta blei lagt på sjøfugl, medan arbeidet med sjøpattedyr, verne-område og friluftsliv blei langt mindre grundig.

Nærare 20 personar deltok i prosjektet for kortare eller lengre tid, og ved nyttår blei det framlagt rapport. Der blei det dokumentert at det på den berørte kyststrekninga er ein særdeles rik og allsidig natur. Både i nasjonal og internasjonal samanheng er det snakk om betydelege konsentrasjonar av sjøfugl som gir Norge eit internasjonalt forvaltingsansvar. "Skal oljeaktivitet på Møre I kunne akseptast ut frå eit naturfagleg synspunkt, må risikoen for oljesøl vere tilnærma null" heiter det i tilrådinga i rapporten. Det blei vidare sterkt understreka behov for vidare undersøkingar då datagrunnlaget var altfor mangelfullt på vesentlege felt for å kunne tilfredsstille dei krav ein må stille til ei slik konsekvensanalyse. Likeeins er det peikt på at i tilfelle opning av Møre I, er det naudsynt å setje i verk overvaking av eventuelle verknader på naturen. Dette for at ein til ei kvar tid kan justere oljeaktiviteten i høve til faren for skader.

## 11. ADMINISTRATIVE OPPLYSNINGAR

Frå etablering 1. september 1982 til desember 1984 var kontortilhøva for miljøvernavdelinga sers vanskelege. Avdelinga sin administrasjon og VAR-gruppa heldt til i ei brakke medan personalet som steller med naturvern, friluftsliv, fisk og vilt heldt til i fylkeshuset. Fylkeskartkontoret var delt med kontor i Myrabakken 4 og Vektergata 7, Molde og resten av fylkesmannsembetet heldt til i eit separat hus innan fylkeshuskomplekset.

I desember 1984 flytta fylkesmannsembetet inklusivt miljøvernavdelinga inn i nye kontorlokaler i det nye tilbygget til fylkeshuset. I 1985 vil fylkeskartkontoret følgje etter og då vil heile embetet vere samla på eitt golv.

### 11.1 Personale

Det var ingen endringar av fast personale ved miljøvernavdelinga i 1984. Dei tilsette er:

Miljøvernleiar	Odd Høgset
Fylkesingeniør	Kolbjørn Megård
Overingeniør	Per Fredrik Brun
Avd.ing.	Ivar Mork-Grevsnes
Avd.ing.	Ola Halle
Naturverninspektør	Harald Ørsahl
Naturvernkonsulent	Alv Ottar Folkestad
Naturvernkonsulent	Kjell Lyse
Viltkonsulent	Asbjørn Børset
Fiskerikonsulent	Trond Haukebø

Førstesekretær Aase Hegnes arbeider og full tid i avdelinga. Hennar løn er betalt av Møre og Romsdal fylkeskommune som er hennar formelle arbeidsgjevar. Fylkeskommunen får løna refundert av Miljøverndepartementet. Ordninga er midlertidig på tredje året.

Kontorpersonalet til avdelinga er:

Adm. sekretær	Oddveig Windstad
Kontorfullm.	Aslaug Magerøy Grimstad

Dei er løna over Justisdepartementet sitt budsjett.

I 1984 hadde avdelinga i alt 59 månadsverk (5 årsverk) med ekstrahjelp.

Totalt vart det i miljøvernavdelinga lagt ned 18 årsverk i 1984.

11.2 Rekneskap 1984

I 1984 har løyvingane over kap 1406 i statsbudsjettet vorte brukt slik:

Løn til faste medarbeidarar	kr 1.586.000
Løn til ekstrahjelp	" 69.000
Samla løn	kr 1.655.000
Maskiner, inventar, utstyr	kr 57.000
Forbruksmateriell	" 30.000
Reiser	" 406.000
Kontortenester	" 44.000
Analysekostnader	" 12.000
Konsulentbistand	" 4.000
Drift av maskiner	" 1.000
Drift av bygningar, husleie	" 400.000
Samla varer og tenester	Kr 954.000

I tillegg har miljøvernavingdelinga i 1984 fått overført desse pengane for ymse prosjekt og sær oppgåver:

Dato	Frå	Formål	Beløp
20.01	Miljøverndep.	Samla Plan	kr 15.000
10.02	Statens Forurens. tilsyn	Overvåking vassdrag/fjordar	" 200.000
15.03	Direktoratet for vilt og ferskv.f.	Tilskudd viltformål	" 120.000
20.03	Miljøverndep.	Samla Plan	" 60.000
15.06	Direktoratet for vilt og ferskv.f.	Spes. driftsutgifter	" 66.000
15.06	Direktoratet for vilt og ferskv.f.	Spes. driftsutgifter	" 35.000
12.07	Olje- og Energi- departementet	Konsekvensanalyse Møre I	" 250.000
16.07	Miljøverndep.	Samla Plan (vilt)	" 7.000
29.11	Olje- og Energi- depoartementet	Konsekvensanalyse Møre I	" 150.000
04.12	Direktoratet for vilt og ferskv.f.	Tilsk. viltformål	" 15.000
			<hr/>
			kr 918.000

Beløpet er brukt slik:

Løn til engasjert personale:	kr 678.000
Reiser	" 93.000
Varer og tenester	" 147.000
	kr 918.000

Løyvingane over kap 1422 i statsbudsjettet er brukt slik:

Grensemerking	Løn	kr	5.596
	Varer og tenester	"	31.301
		kr	36.897
Oppsyn	Løn	kr	62.172
	Varer og tenester	"	23.917
		kr	86.089
Diverse	Løn	kr	21.696
	Varer og tenester	"	23.792
		kr	45.488

Registrering av verneområder:

Myrreservatplanen	Løn	kr	44.440
	Varer og tenester	"	27.701
		kr	72.141
Våtmarksplanen	Løn	kr	7.058
	Varer og tenester	"	2.319
		kr	9.377
Opparbeiding og skjøtsel naturverneområder		kr	54.987
Opparbeiding friluftsområder		"	294.215
Tilskudd til planlegging og opparbeiding til friluftsområder		"	190.000

Samandrag:

Kap 1406	kr	2.609.000
Overføringar	"	918.000
Kap 1422	"	789.000
	kr	4.316.000

## 12. ARSMELDING FRÅ FYLKESKARTKONTORET FOR 1984

### 12.1 Organisasjon

Frå 01.01.82 vart Fylkeskartkontoret i Møre og Romsdal lagt inn under fylkesmannsembetet. Kontoret er no ein del av fylkesmannen si miljøvern-avdeling og såleis underlagt fylkesmannen/miljøverndepartementet.

Fylkeskartkontoret har fagansvar for kart, oppmåling og geopdata og er fagleg tilknytta Norges geografiske Oppmåling, Norges Sjøkartverk og Statistisk Sentralbyrå.

Arbeidet med økonomisk kartverk, delingslova og GAB føreset elles eit nært samarbeid med fylkeskommunen, kommunale og statlege etatar på fylkesnivå.

### 12.2 Personell

Kontoret har desse fast tilsette:	Tilsett frå:
Fylkeskartsjef Olav Eines	24.01.83
Overing. Kjartan Moen	01.04.77
Overing. Henning Austigard	01.04.77
Overing. Lars Staurset	01.01.80
Avd.ing. Kjell Sylte	23.08.82
Adm.sekr. Liv M. Eide	01.04.83
Adm.sekr. Oddbjørg Sporsheim 1/2 still.	01.01.82
Adm.sekr. Tone Farstad 1/2 still.	01.04.77
Teknikar Ingegerd Larsen	17.08.81
Tekn.ass. Marjun Danielsen 1/2 still.	01.04.84

Stillingar på overgangsstatus:

Ingeniør Alf E. Meisingset	01.06.77
----------------------------	----------

### 12.3 Kartnemnd/Kartutval

Fylkeskommunen sitt plan- og miljøutval fungerer som kartnemnd. Det faglege kartutvalet er samansett med medlemmar frå dei største kartbrukarane i fylket. I tillegg er ein medlem frå primærkommunene (oppnemnt av NKS).

12.4 Budsjett og rekneskap

Kap 1452 (1000 kr)		
Post 01 Løn og godtgjersle	Løyvd:	Brukt:
01.1 Faste stillingsheimlar	1175	1233
01.2 Ekstrahjelp	65	32
01.5 Rengjøringspersonall	30	31
01.6 Personell på overgangsstatus	120	119
01.8 Trygder, pensjon	235	237
Sum post 01	<u>1625</u>	<u>1652</u>

## Post 11 Varer og tenester

11.1 Maskiner, inventar, utstyr	25	122
11.2 Forbruksmateriell	65	78
11.3 Reiseutgifter	213	218
11.4 Kontortenester m.m.	415	348
11.5 Kart, oppmåling, registre	1677	1715
11.7 Vedlikehold maskiner	5	7,5
11.9 Bygningers drift, lokalleie	114	139
	<u>2514</u>	<u>2627,5</u>

Det vart innhenta løyve til følgjande omdisponeringar:

Kr 95 000 frå 11.5 til 11.1

Tilleggsløyvingar til post 11.5 på kr 50 000  
Tilleggsløyvingar til post 11.9 på kr 30 000.

12.5 Kjøp av utstyr

- 1 stk Olivetti skrivemaskin
- 1 stk kopieringsmaskin RICOH FT 4030 m/bord
- 1 stk ND PC CPU 128 KB 2x, Floppy, monocr, screen
- 1 stk Hewlett Packard 7585 B, Plottar
- 1 stk Facit skrivar 4512

12.6 Kurs og informasjonsverksemd

Kontoret har halde 7 kurs for kommunane og andre interesserte, for det meste om GAB-registra. I tillegg har vi vore medarrangør av 4 kurs som Møre og Romsdal Kartteknisk Forening har halde.

For å drive vegledning har vi besøkt 16 kommunar og teke opp emner som har skapt problem i desse kommunane.

### 12.7 Økonomisk kartverk

I 1984 har konstruksjonsarbeidet med utviding og ajourføring og produksjon av ortofotokart gått føre seg i kommunane Rindal og Surnadal som vart fotograferert i 1981 og 1982.

Det vesentlege av materialet er innkomme, men enno manglar ein del kartblad. Produsert er 160 km<sup>2</sup> nykartlegging, 260 km<sup>2</sup> ajourføring og 190 km<sup>2</sup> ortofotokart. Dei innkomne ortofotokarta er av vesentleg betre kvalitet enn ortofotokarta frå Skodje.

Ajourføringsarbeid i omløpsfotograferingsetappe frå 1983 Ørsta, Volda, Stranda og Sykkylven har teke til.

I fotograferingsområdet 1984 som er todelt - nemleg Vanylven + del av Sande og Volda, samt Vestnes + del av Haram, er fotograferinga utført.

Av ØK er no ferdige kart 7620 km<sup>2</sup> meir enn 10 år gamle og 2200 km<sup>2</sup> under 10 år.

### 12.8 Digitalisering

Som eit prøveprosjekt vart det sett i gang digitalisering av eigedoms- grenser i Vestnes kommune. Med i prosjektet var Vestnes kommune, Vegvesenet og fylkeskartkontoret. Digitaliseringa gjekk for så vidt greit, men det manglar programvare for å redigere dataene. Dette må gjerast før ein kan snakke om ein digital eigedomsbase.

### 12.9 Fastpunktgrunnlag

I samband med oppretting av det geodetiske grunnlaget i Surnadal-Rindal, var det nødvendig med suppleringsmålingar. Dette måtte gjerast for å knyte til NGO-nettet ei triangulering som vart gjort i samband med utbygginga Trollheimen kraftverk. Suppleringsmålingane vart gjort av fylkeskartkontoret.

Fylkeskartkontoret har fått produsert 320 vertikalsignal i samband med NGO si triangulering i Ørsta-Volda. Det vart bygd 131 signal i samband med dette arbeidet i 1984.

### 12.10 Temakart

Fylkeskartet er ferdig. Det er laga eit vassressursatlas for Møre og Romsdal.

12.11 GAB

G. Alle kommunane utanom Kristiansund og Alesund er sette i ordinær drift. I Kristiansund er det massivregistrert ca 3000 av 7000 eigedomar. Alle kommunane er kontrollerte etter same film som det er registrert etter.

A. Oppretting av A-registeret vart sett i gang ved årsskiftet 83/84. SSB har utført registreringsarbeidet. På grunn av feil i arbeidet med å legge rettingane inn i databasen er ikkje registeret kome i drift.

B. Ingen kommune er massivregistrert.

12.12 Andre EDB-registre

Kartbladregister og flybilderegister er oppretta for heile fylket og i drift. Eit fastpunktregister er under oppretting. Sand- og grusregisteret for fylket er ferdig registrert, men ikkje innlagt på ND-100 anlegget vårt. Det er NGU som står ansvarleg for opprettinga av dette registeret.

12.13 EDB-tenester

Fylkeskartkontoret har ei ND-100 maskin og ein PC med utstyr. Kontoret har i tillegg til eige bruk også driftsansvar for miljøvernavdelinga ved fylkesmannsembetet. ND-100 er i drift døgnet og veka rundt, med unntak av den tida som trengst til systemvedlikehald. Som hovudregel er det 1 time kvar fredag føremiddag, og 2-3 timar om morgonen den 16. i månaden (etter GAB-kjøringa).

Vi er også med på programutvikling i FYSAK-prosjektet, og skriv elles ein del mindre program til eige bruk.

12.14 Delingslova

Det har vore ei rekkje spørsmål om tolking av delingslova. Fylkeskartkontoret er saksbehandlar for fylkesmannen som etter delingslova har avgjerdsmynde/godkjenningsmynde på kommunale vedtak i ankesaker og gebysaker i kommunen etter denne lova.